

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen Gulen, Hyllestad, Hornindal, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i Kontrollutval - Gloppen kommune

Utval: Kontrollutval - Gloppen kommune
Møtedato: 28.11.2013
Møtetid: 10.00
Stad: Formannskapssalen
Møtenr.: 4/2013
Innkalling: Faste medlemmer til kontrollutvalet, Revisor (sak 025/13)

Melding til: Ordførar(møte- og talerrett), Kommunerevisjonen i Nordfjord (møte- og talerrett) og varamedlemmer (vert evt. innkalla etter nærmare beskjed).


Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 951 39 762, eller på e-postadresse: post@sekom.no

SAKLISTE

023/13 Godkjenning innkalling og sakliste
024/13 Skriv og meldingar.
025/13 Orientering frå revisor – Finansiell revisjon.
026/13 Oppfølgingsliste 4-2013 Gloppen.
027/13 Eventuelt.

Gloppen 21.11.2013

Bjarne Bø (s)
Leiar


Vidar Øvrebø
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

023/13 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 21.11.2013

Utv	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	28.11.2013	023/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

024/13 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 21.11.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	28.11.2013	024/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

SM 15-13: Vedtak kst. sak 055/13 – Godkjenning av sluttrekneskap vedk. behandling av avfall frå ein gamal avfalls plass i Eidsmona, datert 04.11.2013.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Sakutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Teknisk og landbruksutvalet	15.10.2013	067/13
Formannskapet	17.10.2013	124/13
Kommunestyret	04.11.2013	055/13

Avgjerd av: Kommunestyret	Objekt:	Arkivsaknr.:
Saksbehandlar: Jostein Moldestad	Arkiv: K24	10/1532-12

Godkjenning av sluttrekneskap vedk behandling av avfall frå ein gamal avfallsplass i Eidsmona

Ingen vedlegg.

Bakgrunn for saka:

Arbeidet med oppgraving, sortering og vekkøyring av avfallet frå ein gamal avfallsplass i Eidsmona er no ferdig og avslutta. Det står att å få godkjent sluttrekneskapen for prosjektet.

Saksutgreiing:

Avfallet vart oppdaga då NoMil starta opparbeiding av tomt for nytt sentralanlegg for avfall. Vi kom i tidsnau med omsyn til å få tomta byggeklar og vi mangla godkjenning for den vidare behandling av det avfallet som skulle gravast opp. Vi fekk avtale med Anders Eide om å mellomlagre avfallet på hans eigedom. Dette var klarert med fylkesmannen. Vi søkte fylkesmannen om løyve til vidare behandling av avfallet. Dette løyve vart gitt og behandlinga vart om lag slik:

Utsorterte masser med maskvidde større enn 4 cm vart nytta til terrengoppbygging på nabotomta. Gjenvinnbare fraksjonar vart levert til NoMil sitt anlegg og resten, masser med maskvidde mindre enn 4 cm, vart levert til SUM (Sunnfjord Miljøverk) sitt deponianlegg i Hesjedalen.

Den statlege deponiavgifta på kr 465,- pr tonn fekk vi fritak for fordi dette gjaldt avfall frå nedlagd avfallsplass.

Området der avfallet var nedgreve strakte seg også innpå tomta til Veidekke entreprenør AS, der ny garasje no er bygt.

Oppgraving og transport av avfallet vart utført av Olav Hjelmeset AS og Eide Sandtak. Sorteringa vart utført av Eide Sandtak. Transport til Hesjedalen vart utført av Eide Sandtak med eigen bil og med innleige av nokre transportfirma. Totalt er det sortert 23142 tonn. Av dette er 13136 tonn køyrt til SUM sitt anlegg.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Kostnadane fordeler seg om lag slik (avrunda summar):

Undersøking og analyse av avfallet utført av Cowi AS kr 168 000,-

Oppgaving og transport til mellomlager	kr 2 260 000,-
Sortering og vekkøyring av massene	kr 4 878 000,-
Deponiavgift til SUM	<u>kr 2 830 000,-</u>
Totalt inkl mva.	<u>kr 10 136 000,-</u>

Prosjektet er hittil finansiert med kr 9 880 000,-. Det står att å sluttfinansiere prosjektet med kr 256 000,- inkl mva.

Rådmannen si vurdering:

Arbeidet med det oppgreve avfallet frå den gamle avfallsplassen vart omfattande og dyrt. NoMil sitt arbeid med si tomt starta vinteren i 2011 og det tvang oss til å handle raskt og sette arbeidet med å fjerne avfallet omgåande. Elles ville det ha påført forsenking med NoMil sitt byggeprosjekt. Vi fekk avklart med fylkesmannen den vidare handtering av avfallet, først til eit mellomlager for deretter sortering og vekkøyring av massene. Veidekke entreprenør AS skulle bygge nytt garasje/lagerbygg og avfallet måtte difor fjernast der òg. Arbeidet er gjennomført etter det løyve som vi fekk frå fylkesmannen.

No er arbeidet ferdig og avslutta og kostnaden vart heile 10 136 000,- inkl mva. Hittil er prosjektet finansiert ved bruk av disposisjonsfondet og eg tilrår at også restsummen på kr 256 000,- inkl mva vert finansiert på same måten.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Kommunestyret godkjenner sluttrekneskapen for kostnadane med oppgraving, mellomlagring, sortering og vekkøyring av massene samt deponiavgift til Sunnfjord Miljøverk på i alt kr 10 136 000,- inkl mva. Rådmannen får fullmakt til å finansiere restsummen på kr 256 000,- inkl mva ved bruk av disposisjonsfondet.

15.10.2013 TEKNISK OG LANDBRUKSUTVALET

Sjur Atle Austrheim minte om at storleiken på disposisjonsfondet etter finansiering skal gå fram av vedtaket, og ber om at dette vert teke inn som ei tilleggsopplysning i saka.

067/13 VEDTAK:

Teknisk og landbruskutvalet er samd i tilrådinga.

17.10.2013 FORMANNSKAPET

124/13 VEDTAK:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes innstilt.

04.11.2013 KOMMUNESTYRET

055/13 VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner sluttrekneskapen for kostnadane med oppgraving, mellomlagring, sortering og vekkøyring av massene samt deponiavgift til Sunnfjord Miljøverk på i alt kr 10 136 000,- inkl mva. Rådmannen får fullmakt til å finansiere restsummen på kr 256 000,- inkl mva ved bruk av disposisjonsfondet.

Vedtaket var samrøystes.

025/13 ORIENTERING FRÅ REVISOR – FINANSIELL REVISJON

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 21.11.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	28.11.2013	025/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalssak 019/10 «Kontrollutvalsarbeid – tiltak»

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orienteringa frå revisor vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

ORIENTERING FRÅ REVISOR - FINANSIELL REVISJON

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Revisor orienterer om revisjon generelt og status for Stryn kommune.

Saksopplysningar:

I Kontrollutvalssak 013/10 Kontrollutvalsarbeid - tiltak i kontrollutvalsmøte 02.12.2010 var eit av punkta i vedtaket følgjande - *Informasjon frå revisor*.

I den samanheng ber kontrollutvalet om at Kommunerevisjonen i Nordfjord førebur ei kort orientering om status kring finansrevisjonen, samt at dei gir ei generell orientering om revisjonsarbeidet.

Revisor er kalla inn til møtet.

Sekretariatet sine vurderingar:

026/13 OPPFØLGINGSLISTE 4-2013

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 21.11.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	28.11.2013	026/13	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 4-2013 Gloppen.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 4-2013 vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 4-2013 GLOPPEN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 21. november 2013.

Lista vil bli oppdatert fortløypande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 4-2013 - Gloppen.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Gloppen kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
019/10: Kontrollutvalsarbeid – tiltak.	2.12.10		02.12.10: Vedtak KU 13.02.10 s. brev til adm om tiltak Informasjon frå einingane. Tertialrapportar Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. Informasjon frå revisor Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor. Orientering investeringsprosjekt kvart år i september. 18.07.11 Svar frå Gloppen om mottak av brev om orientering i neste møte.
018/10 Rutinar avslutta investeringsprosjekt – Uttale frå kontrollutvalet	02.12.10		02.12.10 Tilråding til kst. 03.12.10 saka s. Gloppen kommune. 13.12.10 Vedtak kst sak 057/10: - <i>Gloppen kommune bør utarbeide økonomireglement eller rutinar der det går fram at avslutta prosjektrekneskapar med bruttokostand over kr 2.000.000,- skal leggjast fram for kontrollutvalet for uttale før det vert sendt over til formannskapet for tilråding og kommunestyret for endeleg vedtak.</i> - <i>Det bør leggjast fram sluttrapport og rekneskapar for avslutta prosjekt snarast.</i> 11.06.12: I samband med kontrollutvalsmøte og gjennomgang av årsrekneskapen for 2011 vart det stadfesta at dette ikkje er effektivt. 24.08.12 Brev Sjå sak 032/12
025/12 Rekneskapar avslutta inviersteringsprosjekt – Gloppen kommune. Sjå sak 32/12	23.08.12		23.08.12 Vedtak i KU: Kontrollutvalet kallar inn rådmann for å orientere om status i arbeidet med økonomireglement og rutinar rundt avslutta prosjektrekneskap i Gloppen kommune. 24.08.12 Brev sendt til rådmann vedrørende orientering.
031/12 Forvaltningsrevisjonesrapport – Prosjektplanlegging i Gloppen kommune.	30.11.12		30.11.12 Vedtak i KU: • Tinginga for prosjektet "Prosjektstyring i Gloppen kommune". • -Tingingsdokumentet vert sendt over til Kommunerevisjonen i Nordfjord for operasjonalisering. • Kommunerevisjonen i Nordfjord vert kalla inn til neste møte for å gje tilbakemelding på tinginga. 05.12.12 Sendt tinging til KIN
032/12 Orientering investeringsprosjekt	30.11.12		30.11.12 Vedtak i KU: Orienteringa om invisteringsprosjekt vert teken til vitande. • Administrasjonen jobbar med økonomireglementet. Rådmannen vil forsøke å legge fram sak til neste kommunestyremøtet i desember.
011/13 Skriv og meldingar	29.05.13		29.05.13 Vedtak i KU: Ad SM 09-13 E-post frå

			leiar for Samfunnsdemokratane - "Protokollføringa i Gloppen kommune", datert 28. mai 2013. (Utdelt i møtet). - Kontrollutvalet ber sekretariatet innhente uttale frå rådmannen og Administrasjonsutvalet samt hente inn sakstilfang vedrørende administrasjonsutvalssak 008/13 "Nytt omstillingsreglement" til neste møte i kontrollutvalet. - Resten av skriv og meldingar vert tekne til vitande 04.06.13 Brev sendt til Rådmann i Gloppen. 04.06.13 Brev sendt til administrasjonsutvalet Gloppen 24.06.13 Motteke brev med uttale frå rådmannen. 25.06.13 Motteke brev med møteprotokoll sak 008/13 frå administrasjonsutvalet. 25.06.13 Motteke brev frå Gunnvor Sunde.
013/13 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – forslag til endring av prosjekt.	29.05.13		29.05.13 Vedtak i KU: - Kontrollutvalet vedtek å endre rekkefølge på forvaltningsrevisjonsprosjekt i forhold til «Plan for forvaltningsrevisjon – Gloppen kommune.» - Forvaltningsrevisjonsprosjekt «Prosjektplanlegging i Gloppen kommune» blir utsett, og prosjekt «Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunal eigedomsmasse» blir prioritert først. - Sekretariatet får i oppgåve å utforme tilnging til neste møte i kontrollutvalet.
016/13 Godkjenning innkalling og sakliste.	22.08.13		22.08.13 Vedtak i KU: Det var ikkje merknadar til innkalling og sakliste.
017/13 Skriv og meldingar.	22.08.13		22.08.13 Vedtak i KU: Skriv og meldingar vert teken til vitande.
018/13 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunal eigedomsmasse – Tinging.	22.08.13		22.08.13 Vedtak i KU: - Tingsdokumentet for forvaltningsrevisjonsprosjektet "Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunal eigedomsmasse" vert godkjent med dei endringar som ligg i prosjektplan. - Tingsdokumentet vert sendt over til Kommunerevisjonen i Nordfjord. 23.08.13 Tinging sendt til KIN.
019/13 Administrasjonsutvalssak 008/13 «Nytt omstillingsreglement.»	22.08.13		22.08.13 Vedtak i KU: - Kontrollutvalet tek orienteringar frå rådmann og administrasjonsutval til vitande. - Kontrollutvalet viser vidare til plan for forvaltningsrevisjon i Gloppen kommune 2012 - 2015, der prosjekt "Kommunale saksgangsrutinar" er proritert.
020/13 Budsjett for drift av kontrollutvalet 2014.	22.08.13		22.08.13 Vedtak i KU: Budsjett til drift av kontrollutval kr. 56 000,-. 23.08.13 Budsjett sendt til kommunestyret..
021/13 Oppfølgingsliste 3-2013 Gloppen kommune.	22.08.13		22.08.13 Vedtak i KU: Oppfølgingsliste 3-2013 Gloppen kommune vert teken til vitande.
022/13 Eventuelt	22.08.13		22.08.13 Vedtak i KU: Det vart ikkje teke opp saker.
Oppdatert 21.11.2013			

027/13 EVENTUELT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 21.11.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	28.11.2013	027/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte kan gjerast her.